



Arkivnr: 2016/12-18
Saksbehandlar: Jomar Ragnhildstveit

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		10.05.2016

Tilskot til viltformål 2016

Samandrag

Under forvaltinga av haustbare, ikkje truga viltartar, fordelar fylkeskommunen årleg tilskotsmidlar til vilttiltak frå det statlege viltfondet. Målgruppe for ordninga er frivillige organisasjonar, institusjonar, kommunar og einskildpersonar. Søknadsfristen var 15. januar.

Det har kome i alt 17 søknader om tilskot til viltformål, derav 6 som gjeld hjortevilttiltak og 11 som gjeld andre, lokale vilttiltak. Samla omsøkt tilskot frå fylkeskommunen er på kr 848.950. Fylkeskommunen har fått overført kr 400.000 frå Miljødirektoratet i år, der kr 100.000 er øymerka til prosjektet "Forvaltning av hjortebestand (2013-2017)". Medrekna ei forventa tilleggsoverføring frå Miljødirektoratet i år på kr 100.000, vil fylkeskommunen ha ca kr 502.000 til fordeling frå det fylkeskommunale viltfondet i år. Det vert føreslått å fordele kr 500.000 til vilttiltak i år slik det går fram av forslaget til vedtak i saka. Det er føreslått desidert mest tilskot til prosjektet "Forvaltning av hjortebestand", som er ei større satsing for å organisere den grunneigarstyrte hjorteforvaltinga i større bestandsplanområde.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler følgende tilskot til vilttiltak i 2016. I fordelinga er det føresett at samla overføring frå Miljødirektoratet vert på kr 500.000. Mindre overføring vil gje tilsvarende mindre tilskot til prosjektet forvaltning av hjortebestand.

Nr	Søkjjar	Tiltak	Tilskot kr
	Lokale vilttiltak - hjort, elg, rådyr		
1	Stiftelsen Elgen	Informasjonstiltak for hjorteviltforvaltning	10 000
2	Bergen kommune	Prøvetaking av hjort i Bergen	30 000
3	Vestskog	Forvaltning av hjortebestand 2013-2017	300 000
4	Norsk Hjortesenter	Handbok i praktisk hjorteforvaltning	0
5	NIBIO Fureneset	Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog	50 000
6	Sotra og Øygarden JFF	Hjorteovervaking i Fjell kommune	0
	Lokale vilttiltak m.v.		
7	Olav S. Haugse	Observasjonar og forvaltning av ein tiurleik	10 000
8	Norsk Viltskykehus	Viltstasjon Hordaland	0
9	Bergen kommune	Minkprosjektet	0
10	NJFF-Hordaland	Kvinneaktiviteter 2016	10 000
11	NJFF-Hordaland	Infoblod om jakt og fiske - infoside internett	35 000
12	CEES, Inst. for biovitenskap, UiO	Urbane måker i 2016	25 000
13	Norsk institutt for naturforskning	Hønsefuglportalen 2016	10 000
14	Norsk institutt for naturforskning	Raudrev på Hardangervidda	0
15	Norsk institutt for naturforskning	Oter tilbake til kysten - kunnskapsstatus bifangst	0
16	Raymond Skaar	Uttak av mink i fuglefredningsområder	20 000
17	Norsk naturinformasjon (NNI)	Hønsefugler i viktige rekreasjonsområder	0
	Sum vilttiltak (kr)		500 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 28.04.2016

Under forvaltninga av haustbare, ikkje truga viltartar, fordeler fylkeskommunen årleg tilskot til viltformål frå den statlege tilskotsposten Kap. 1425 post 71.3 *Tilskot til viltformål, Lokale vilttiltak mv.* Tilskotsmidlane har opphav i innbetalte jeger- og fellingsavgifter til det statlege viltfondet. Tilsvarande sak i fjor vart handsama av Kultur- og ressursutvalet på møtet 2. juni, sak PS 113/2015.

1 Søknader

Søknader om tilskot til viltformål skal fremjast i det elektroniske søknadssenteret ved Miljødirektoratet innan 15. januar. Det har kome til saman 17 søknader, derav 6 søknader om tilskot til *Hjortevilttiltak* og 11 søknader om tilskot til *Lokale vilttiltak m.v.*. Oversikt over søknadene er vist i tabell 1, med forslag til tilskot (kr) i kolonna lengst til høgre. Det er også vist kolonne for total kostnad for det enkelte tiltak og omsøkt tilskot frå Hordaland fylkeskommune. Kvar søknad er omtalt og vurdert i saksframlegget.

Tabell 1: Oversikt over søknader om tilskot til vilttiltak i 2016. Beløp er i kroner.

Nr	Søkjjar	Tiltak	Total kostnad	Søkt Hfk	Tilskot Forslag
	Lokale vilttiltak - Hjort, elg, rådyr				
1	Stiftelsen Elgen	Informasjonstiltak for hjorteviltforvaltning	360 000	10 000	10 000
2	Bergen kommune	Prøvetaking av hjort i Bergen	43 000	30 000	30 000
3	Vestskog	Forvaltning av hjortebestand 2013-2017	300 000	300 000	300 000
4	Norsk Hjortesenter	Handbok i praktisk hjorteforvaltning	475 000	50 000	0
5	NIBIO Fureneset	Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog 2016-2018	610 000	50 000	50 000
6	Sotra og Øygarden JFF	Hjorteovervaking i Fjell kommune	155 000	50 000	
	Lokale vilttiltak m.v.				
7	Olav S. Haugse	Observasjonar og forvaltning av ein tiurleik	42 000	37 000	0
8	Norsk Viltskykehus	Viltstasjon Hordaland	1 950	1 950	0
9	Bergen kommune	Minkprosjektet	38 000	30 000	15 000
10	NJFF-Hordaland	Kvinneaktiviteter 2016	30 000	15 000	10 000
11	NJFF-Hordaland	Infoblاد om jakt og fiske - infoside internett	105 000	40 000	35 000
12	CEES, Institutt for biovitenskap, UiO	Urbane måker i 2016	65 300	25 000	20 000
13	Norsk institutt for naturforskning (NINA)	Hønsefuglportalen 2016	350 000	50 000	10 000
14	Norsk institutt for naturforskning (NINA)	Raudrev på Hardangervidda	330 000	65 000	0
15	Norsk institutt for naturforskning (NINA)	Oter tilbake til kysten - kunnskapsstatus bifangst	190 000	35 000	0
16	Raymond Skaar	Uttak av mink i fuglefredningsområder	40 000	20 000	20 000
17	Norsk naturinformasjon (NNI)	Hønsefugler i viktige rekreasjonsområder	40 000	40 000	0
	Sum hjortevilttiltak (kr)				
	Sum lokale vilttiltak m.v. (kr)				
	Sum alle tiltak (kr)			848 950	500 000

2 Tilskotsmidlar i 2016

Det er gått ut frå at fylkeskommunen vil ha ca kr 502.000 til disposisjon for tilskot til viltformål i år, medrekna ca kr 2000 i overførte tilskotsmidlar frå tidlegare år. Tilskotsmidlar skal etter forskrift setjast på bunde fylkeskommunalt disposisjonsfond og kan overførast.

Fylkeskommunen fekk i år først kr 400.000 til viltformål i Miljødirektoratet sitt overføringsbrev til fylkeskommunane datert 01.04.2016. Brevet ligg som melding til møtet i KIRU 13. april, sak RS 25/2016. I brevet står det blant anna følgjande som gjeld prosjekt nr 3 i tabell 1, dvs prosjektet Forvaltning av hjortebestand 2013-2017:

I tilknytning til det omfattende arbeidet i regi av Sogn og Fjordane Skogeigarlag/Vestskog med organisering av hjorteforvaltningen, er det også for 2016 lagt inn en øremerket økning på 100 000,- til Hordaland og Sogn og Fjordane. Tilsvarende er det lagt inn en økning på 50 000 til Rogaland. Hensikten er at de respektive fylkeskommuner skal ha mulighet til i større grad å involvere seg i prosjektet. Det forventes at disse midlene kommer i tillegg til det som de respektive fylkeskommuner legger inn av ressurser i dette arbeidet.

I overføringsbrevet var løyvinga til Hordaland fylkeskommune faktisk redusert med kr 100.000 i forhold til åra 2014 og 2015, og var dermed tilbake på same nivå som i åra 2011-2013. Det var difor vanskeleg å sjå at det var lagt inn kr 100.000 i øymerka auke i år, særleg då det også står følgjande i Klima- og miljødepartementet sin budsjettproposisjon (Prop. 1 S) under Kap. 1425 post 71.3 (Lokale vilttiltak m.v.): «Løyvinga på underposten er auka med 3 mill. kroner ved at det er nytta kapital som er opparbeidd i Viltfondet. Auken vil føre til at fylkesmenn og fylkeskommunar kan løyve meir midlar til lokale prosjekt». I Miljødirektoratet sitt overføringsbrev til fylkeskommunane i år er den samla løyvinga til fylkeskommunane derimot redusert med kr 300.000 i forhold til 2015. Etter å ha kontakta Miljødirektoratet er det lova å ettersende ei tilleggsløyving til Hordaland fylkeskommune i år, som ein må rekne med vert på kr 100.000. Det er difor gått ut frå at samla disponible tilskotsmidlar til viltformål i år vil bli på ca kr 502.000.

Statsbudsjettet Kap. 1425 post 71 (Tilskot til viltformål) har følgjande fire underpostar: 71.1 Hjortevilttiltak, 71.2 Villreintiltak, 71.3 Lokale vilttiltak m.v. og 71.4 Viltovervaking. Tilskotsmidlane til fylkeskommunane vart frå 2011 ikkje lenger fordelt på postane 71.1 og 71.3, men lagt inn under underposten 71.3 (*Tilskot til viltformål, lokale vilttiltak m.v.*). I følgje overføringsbrevet dekkjer underposten lokale tiltak knytt til jakt/jaktbare arter, samt til forskning lokalt på jaktbare arter. For fylkeskommunane omfattar posten også tiltak knytt til forvaltning av dei haustbare hjorteviltartane elg, hjort og rådyr. I Miljødirektoratet sitt overføringsbrev er det minna om at forvaltningsansvaret for grågås og kortnebbgås framleis ligg hos fylkesmannen.

3 Formål med tilskotsordninga og tildelingskriterium

Tilskotsordninga og kva tiltak som kan få tilskot er omtalt i Klima- og miljødepartementet sitt rundskriv T-1/15 (Tilskotsordningar for 2016) og i Prop. 1 S (2015-2016) frå Klima- og miljødepartementet. Tiltak som kan støttast er også lista opp i *Forskrift om tilskudd til viltformål* (i kraft frå 01.01.2015), heimla i Stortinget sitt årlege budsjettvedtak, jf. kap. 1425 post 71, underpost 3. Det er også lista opp kva tiltak som kan støttast og ikkje støttast i *Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond*, (i kraft frå 01.06.2011). Her vert det teke med følgjande overordna føringar.

3.1 Nasjonale mål og tildelingskriterium (jf. Prop. 1 S Post 71 Tilskot til viltformål)

Dei nasjonale måla for miljøpolitikken, herunder for forvaltning av haustbare artar av vilt, står i Prop. 1 S (2015-2016). Tilskotsposten til viltformål (post 71) er særleg retta mot resultatområdet Naturmangfald, men òg mot Friluftsliv gjennom tilrettelegging for jakt. Tilskotsmidlane er eit bidrag til å nå dei nasjonale måla. Eit nasjonalt mål for Naturmangfald er blant anna at: *Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester*. Nasjonale mål for Friluftsliv er blant anna at: *Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles og område av verdi for friluftslivet skal sikrast og forvaltast slik at naturgrunnlaget blir teke vare på*.

Målet for tilskotsordninga (heile post 71) er å medverke til at det blir eit haustingsverdig overskot av viltet, og at naturens produktivitet og mangfald blir teke vare på nasjonalt og regionalt.

Kriterium for måloppnåing (heile post 71) er om ordninga gjennom støtte til god forvaltning av viltet på nasjonalt og regionalt nivå medverkar til at det blir eit haustingsverdige overskot og slik at produktivitet og artsmangfald i naturen blir teke vare på. Tiltaka som blir sett i verk skal medverke til å gje eit betre kunnskapsunderlag om artar og bestandar, eller om korleis dei kan haustast på beste vis. Effekten av tilskota må vurderast i eit langsiktig perspektiv og i samanheng med andre verkemiddel og årsaksforhold.

Tildelingskriterium for heile post 71: Det blir gitt tilskot til tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og jaktmoglegheiter, kartlegging av viltressursane/viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunar og regionar, innarbeiding av viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunale planar etter plan- og bygningslova, iverksetjing av tiltak der målet er betre bestandsoversikt, oppretting og drift av lokale samarbeidsråd, deltaking i rettshavarar sitt driftsplanarbeid, forskings- og studentoppgåver og andre særleg prioriterte viltformål. Søknader om tilskot til tiltak som inngår som ein del av eit planmessig arbeid blir prioriterte.

Tildelingskriterium for underpost 71.1 (Hjortevilttiltak): Underposten skal dekkje tiltak knytt til forvaltning av hjortevilt. Midlar blir nytta i hjorteviltforvaltninga til tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskot til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar m.m.

Tildelingskriterium for underpost 71.3 (Lokale vilttiltak m.v.): Midlane skal nyttast til tilskot i form av vilttiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattande organisasjonar, og lokale vilttiltak og utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta. Midlane skal òg nyttast til sentrale organisasjonar som utfører oppgåver for viltforvaltninga. Fleire av dei store landsdekkjande organisasjonane utfører eit omfattande frivillig arbeid innan viltforvaltning.

Tilskotsmidlane som fylkeskommunane nyttar er samla på denne underposten. Ettersom fylkesmannen på same tid forvaltar tilskotsmidlar innanfor sitt forvaltningsområde er det krav om god samordning av bruken av midlane.

3.2 Tiltak som kan få tilskot frå fylkeskommunen (jf. Rundskriv T-1/15 og Forskrift om tilskudd til viltformål)

Litt enklare enn ovanfor er det i rundskriv T-1/15 lista opp følgjande tiltak som kan få tilskot under post 71:

- a) Tilrettelegging for og rekruttering til jakt.
- b) Informasjon om jakt og jaktmoglegheiter.
- c) Kartlegging av viltressursane og viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunar og regionar.
- d) Innarbeiding av viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunale planar etter plan- og bygningslova.
- e) Oppretting og drift av lokale samarbeidsråd.
- f) Deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid.

Søknader om tilskot til tiltak som inngår som del av ein plan vil bli prioriterte.

Det er presisert i rundskriv T-1/15 at søknader som gjeld haustbare viltarter, unnateke villrein, grågås og kortnebbgås, skal adresserast til fylkeskommunen i det fylket der tiltaket skal gjennomførast, mens søknader om ikkje haustbare viltarter og villrein, grågås og kortnebbgås skal adresserast til Fylkesmannen. Søknader frå sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar skal adresserast til Miljødirektoratet.

3.3 Vurderingar etter Naturmangfaldlova

I følgje naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 i lova vurderast ved utøving av offentleg mynde som påverkar naturmangfaldet, medrekna tildeling av tilskot. I naturmangfaldlova § 5 (forvaltningsmål for artar) er målet at artane og deira genetiske mangfald skal ivaretakast på lang sikt og at artane førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet skal også artane sine økologiske funksjonsområder og dei andre økologiske føresetnadene som dei er avhengige av ivaretakast. Dette forvaltningsmålet gjeld ikkje for framande organismar.

4 Prioriteringar i tilskotsfordelinga i Hordaland

Fylkeskommunen har årleg frå og med 2010 fordelt tilskot til viltformål frå det statlege viltfondet. Tilskota kan grovt delast inn i tilskot til hjortevilttiltak og tilskot til lokale vilttiltak m.v. Hordaland er eit stort hjortefylke, og forvaltninga av hjort og hjortevilt er mykje meir omfattande enn for andre viltartar som fylkeskommunen har forvaltningsansvar for. Kvart år er det difor gitt klart mest tilskot til hjortevilttiltak. I 2010 då løyvingane til fylkeskommunane var fordelt på hjortevilttiltak (post 71.1) og lokale vilttiltak m.v. (post 71.3), fekk Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommunen høvesvis to og tre gonger så mykje til hjortevilttiltak som til lokale vilttiltak. I Hordaland er det i perioden 2010-2015 gitt vel tre gonger så mykje til hjortevilttiltak som til lokale vilttiltak.

Hovudregelen ved forvaltning av hjort og elg skal vere bestandsforvaltning. I perioden 2010-2013 brukte fylkeskommunen i spleiselag med kommunane mest tilskotsmidlar på prosjektet Hordahjort for å kartleggje trekk og årsleveområde til hjort, og det vart utarbeidd eit kart med forslag til inndeling av fylket og tilgrensande område i ca 20 bestandsområde for hjort. Prosjektet «Forvaltning av hjortebestand 2013-2017» er eit naturleg oppfølgingsprosjekt for å få etablert grunneigarstyrt bestandsforvaltning i slike bestandsplanområde. Hordaland fylkeskommune har for tredje året på rad fått auka løyving frå Miljødirektoratet for å støtte ekstra opp under dette prosjektet.

Ut frå saksbehandlingsresultat som alle fylka skal leggje inn i det elektroniske søknadssenteret ved Miljødirektoratet, synest Hordaland fylkeskommune å vere den fylkeskommunen som i 2014 og 2015 har gitt relativt sett mest i tilskot til fylkesovergripande prosjekt, t.d. prosjektet "Handbok i hjorteforvaltning" og "Hønsefuglportalen". Det ser ikkje ut for at dette har gitt positive utslag for løyvinga til Hordaland fylkeskommune i 2016, og det vert difor naturleg at også Hordaland fylkeskommune prioriterer fylkesovergripande prosjekt noko lågare.

5 Samordna søknadshandsaming

Det har vore møte på sakshandsamarnivå mellom fylkesmannen (vilt- og fiskemidlar) og fylkeskommunen (vilt- og friluftslivsmidlar) for god samordning i bruken av tilskotsmidlane, jf. også kravet om god samordning i Prop. 1 S under post 71.3. Spesielt er søknadene nr. 8, 10, 11, 12, 15 og 16 i tabell 1 søknader som fell inn under fleire av tilskotsordningane.

6 Omtale og vurdering av søknadane

Det følgjer kort omtale og vurdering av den enkelte søknad i same rekkefølge (1-17) som dei har i tabell 1.

Lokale vilttiltak - Hjortevilt

6.1 Stiftelsen Elgen: Informasjonstiltak for hjorteforvaltning

Stiftelsen Elgen, som utgir tidsskriftet Hjorteviltet éin gong årleg i eit opplag på 5.000, har søkt om tilskot for å gje ut 2016 utgåva av tidsskriftet i eit opplag på 37.000 saman med tidsskriftet Skog (Skogeigarforbundet sitt medlemsblad). Med dét ønskjer ein å nå ut med tidsskriftet til fleire forvaltarar, jegerar og rettshavarar. Tidsskriftet Hjorteviltet presenterer nytt og viktig fagstoff på ein populærvitskapleg måte for å bidra til ei fagleg forankra forvaltning av hjorteviltet. Stiftelsen Elgen søkte først om tilskot frå fylkeskommunane i 2015, utanfor tilskotsordninga, og fekk då tilskot frå 6-7 fylkeskommunar. Det er no søkt dei andre fylkeskommunane og Miljødirektoratet om tilskot under denne tilskotsordninga.

Vurdering: Tiltaket er eit godt informasjonstiltak, men det kan t.d. leggjast ut ei elektronisk utgåve av tidsskriftet på ulike nettsider. Konklusjon: Det vert føreslått å ikkje prioritere tilskot til tiltaket.

6.2 Bergen kommune: Prøvetaking av hjort i Bergen

Kommunen ønskjer å samle inn kjevar frå alle felte hjortar i kommunen under hjortejakta i år. Kommunen kan påleggje slik innsamling. Kjevane skal analyserast v.h.a. tannsnitting for å få betre kunnskap om aldersstruktur og kondisjon hos hjorten. Dette vil gje betre grunnlag for ei kunnskapsbasert forvaltning framover. Når ordninga er etablert i Bergen kommune, er ambisjonen på sikt å få stimulert til liknande prøvetaking i andre delar av bestandsplanområdet som er føreslått i "Hordahjort"-prosjektet. Prosjektkostnadane er hovudsakleg utgifter til tannsnitting og analyse frå 300 hjortar. Aldersbestemming

ved tannsnitting av eldre hjortar har ein kostnad på kr 225,-/stk utført ved NINA (Norsk institutt for naturforskning).

Vurdering: Prosjektet vil gje betre oversikt over alderssamansetjinga til hjort i kommunen, og betre kunnskapsgrunnlag ved revisjon av forvaltningsplanen for hjort i kommunen. Særleg når målsetjinga i forvaltningsplanen er bestandsreduksjon er det viktig å ha god oversikt over bestandssamansetjinga. I prosjektet er det ført opp eiga løn (kr 10.000) som må vere arbeid som kjem i tillegg til kommunen si ordinær drift. Det er positivt at det er ført opp anna finansiering med kr 13.000 i tillegg til tilskot frå fylkeskommunen. Ideelt sett skulle prosjektet ha omfatta eit bestandsplanområde, og kunne gjerne vore i regi av rettshavarane, men her viser Bergen kommune korleis det kan gjerast for å få ei meir kunnskapsbasert forvaltning. Prosjektet vil ha overføringsverdi til resten av fylket. Konklusjon: Det vert føreslått å støtte prosjektet som omsøkt med kr 30.000.

6.3 Vestskog: Forvaltning av hjortebestand 2016

Vestskog SA er ein samvirkeorganisasjon for skogeigarar i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, og driv blant anna med utmarksforvaltning. Prosjektet "Forvaltning av Hjortebestand 2013-2017" starta opp i Hordaland i 2014, som ei naturleg oppfølging etter Hordahjort-prosjektet. Vestskog er prosjekteigar og prosjektleiar. I kvart av fylka kan det òg opprettast ei rådgjevingsgruppe/samhandlingsgruppe for aktørane i prosjektet.

Prosjektet legg til rette for den grunneigarstyrte hjorteforvaltninga gjennom bestandsplanlegging i fylka. Hovudmålet i prosjektet er å etablere bestandsforvaltning av hjort i fylka på Vestlandet. Delmål er å få etablert felles forvaltning i kvart av bestandsområda og etablere rutinar for analyse og vurdering av bestandsforhold i kvart bestandsområde. I følgje søknaden skal det i år utarbeidast bestandsplan og vedtekter for samarbeid i bestandsplanområde. I søknaden til fylkeskommunen i år er det berre ført opp utgifter til løn, på kr 300.000, og berre tilskot frå fylkeskommunen. Prosjektskildringa frå 2013 viser kostandene for heile prosjektet i alle fylka, og viser ein årleg kostnad i Hordaland på vel 1 million kr, der det inngår 1400 timeverk, tilsvarande 80% full stilling. I tillegg kjem utgifter til reise og rådgjevingssmøter m.m. Heile prosjektet vert finansiert med villtilskot frå fylkeskommunane, medrekna øyremerka tillegg frå Miljødirektoratet. I tillegg søkjer den enkelte kommune som vil vere med aktiv deltaking i prosjektet gjennom ei årleg støtte på kr 20.000 (eks. mva).

Vurdering: Bruk av bestandsplan skal vere hovudregelen ved forvaltning av hjort og elg, jf. blant anna kommentarutgåva til hjorteviltforskrifta, og kommunane skal stimulere til etablering av føremålstenlege vald og bestandsplanområder. Eit bestandsplanområde er to eller fleire vald som samarbeider om å utarbeide bestandsplan for hjort og/eller elg. Utarbeiding av inntil femårig bestandsplan med avskytingsplan er i hovudsak grunneigarane sitt ansvar, og bestandsplanen skal vere i samsvar med kommunen/kommunane sine vedtekte mål for bestandsutviklinga. Det er etablering av slike bestandsplanområde grunneigarane og kommunane får hjelp til i prosjektet, og dei fleste kommunane er med i prosjektet. Prosjektet går i hovudsak ut på å motivere jaktrettshavarane (grunneigarane) til å ta større forvaltingsansvar ved å etablere store nok bestandsplanområder og lage avtalar og rutinar for forvaltninga i dei enkelte bestandsplanområda. Då det er ca 665 hjortevald i fylket, og Hordahjortprosjektet (ferdig i 2013) har føreslått ca 20 bestandsplanområde i fylket, er det eit stort arbeid som må gjerast for å få etablert ei meir reell bestandsforvaltning av hjort i fylket. Tilskot frå fylkeskommunen vil vere med på å bidra til at kommunar med lite inntekter til det kommunale villfondet vil kunne delta i prosjektet i ein viss grad. Inntrykket så langt er at "alle" er positive til prosjektet, men at prosjektet treng litt tid.

Konklusjon: Det vert rådd til å støtte prosjektet med kr 300.000 som omsøkt i 2016.

6.4 Norsk Hjortesenter: Handbok i praktisk hjorteforvaltning

Målsetjinga er å lage eit nettbasert hjorteforvaltingsverktøy, ei slags "digital handbok" i praktisk hjorteviltforvaltning for kommunal og privat forvaltning. Det er aukande krav til kommunane frå nasjonale forvaltningsmyndigheiter og reglement om kunnskapsbasert viltforvaltning. Ifølgje søknaden tilseier undersøkingar og erfaringar at kommunane får mindre tid til fagleg arbeid knytt til viltforvaltning og må nytte meir tid til saksbehandling. Samstundes utfører rettshavarane stadig meir av den praktiske delen av hjorteviltforvaltninga. Det er difor eit aukande behov for faglege retningslinjer og konkrete døme for å kunne utøve praktisk hjorteforvaltning hjå kommunar og rettshavarar. Ei digital handbok vil vere eit godt verktøy for å løyse utfordringane i den praktiske hjorteviltforvaltninga. Handboka vert utarbeidd av fagpersonar ved

Norsk Hjortesenter i tett samarbeid med referansegruppe/fagpanel av forskarar som jobbar tett opp mot forvaltinga.

Det første kapittelet, *Arealbrukskonfliktar*, vart publisert i desember 2014. Det andre kapittelet, *Kommunale mål i hjorteforvaltninga*, vart publisert i juni 2015, alt tilgjengeleg på nettsida "Hjorteviltportalen" og Norsk Hjortesenter sine heimesider. Dei neste kapitla er "Bruk av dataseriar", "Bestandsplanområde" og "Avskytingsstrategiar", der Bestandsplanområde skal publiseras i 2016, og dei to andre startast opp i 2016.

Prosjektet var opphavleg treårig (2013-2015). Det kom berre inn 53% av dei omsøkte tilskotsmidlane desse åra, og det er difor nødvendig å søkje om ei restfinansiering i 2016. Det er søkt om tilskot frå Miljødirektoratet og dei største hjortefylka, i alt 11 fylke, (mot 8 fylke i 2015).

Vurdering: Hordaland fylkeskommune har alt støtta prosjektet som omsøkt, ved å betale omsøkt tilskot kvart år, i 2013, 2014 og 2015. Andre hjortefylke, t.d. Sogn og Fjordane, har ikkje støtta prosjektet, eller støtta prosjektet i langt mindre grad. Det viser at mange andre fylkeskommunar har lågare prioritet på fylkesovergripande prosjekt, eller vurderer prosjektet å vere av nasjonal karakter. For Hordaland fylkeskommune som alt har betalt inn sin del vil det vere uheldig om prosjektet ikkje vert gjennomført som føresett, og fylkeskommunen bør ikkje gje meir tilskot for å kompensere for lite innbetaling frå andre fylkeskommunar/Miljødirektorat.

Konklusjon: Det vert rådd til å ikkje gje tilskot til prosjektet i år.

6.5 NIBIO Fureneset: Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog 2016-2018

NIBIO Fureneset (Norsk institutt for bioøkonomi, tidlegare Bioforsk) skal gjere registreringar i ungplantefelt av gran og furu, naturlege foryngingsfelt i furu og ung produksjonsskog av gran og furu. Dette for å finna omfang av ulike former for beiteskade av hjort på plantene/trea i ulike veksestadium i utvalde område f.o.m. Ryfylke t.o.m. Sør-Trøndelag. Registreringane skal gjerast som prøveflateregistrering etter på førehand gitte kriterium. Registreringane skal nyttast til å gjere utrekningar av økonomisk tap knytt til beiteskade av hjort, for å få eit inntrykk av kva omfang dette har. Berekningane skal nyttast til å synleggjere kostnaden med ei stor hjortestamme, og kunne nyttast som eitt av fleire hjelpemiddel i viltforvaltninga slik at bestanden av hjort vert regulert til – og vert halde på eit berekraftig nivå. Det vil vere kontakt mot Landsskogtakseringa, så materiale derfrå vil bli trekt inn i vurderinga. To mastergradsstudentar ved NMBU (Norsk miljø- og biovitenskapeleg universitet) er tenkt å bidra i prosjektet, med feltarbeid m.m. som grunnlag for mastergradsoppgåve.

Samarbeidspartar og medfinansieringskjelder i prosjektet vil vere Vestskog, Allskog, kommunar, fylkesmenn og fylkeskommunar på Vestlandet, Skogfondet i enkelte kommunar på Vestlandet og Miljødirektoratet. Samla økonomisk ressursstrøng på det treårige prosjektet er på ca 1,77 mill. kr, der ca 1,18 mill. kr. vert søkt skaffa regionalt frå medfinansieringskjelder. Det er søkt om tilskot frå dei fem fylkeskommunane Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Samla omsøkt tilskot frå Hordaland fylkeskommune er på 130.000 for det treårige prosjektet, derav kr 50.000 i år i følgje det årsfordelte budsjettet i søknaden.

Vurdering: Det er ønskeleg med eit slikt kunnskapsbasert prosjekt der det vert gjort ein systematisk studie av skogskade som følgje av hjortebeiting no når bestandstettleiken av hjort har vore historisk høg. Prosjektet vil bidra med nyttig kunnskap om kva som er berekraftig tettleik av hjort i forhold til skogskade. Når kommunane skal vedta mål for bestandsutviklinga, skal det blant anna takast omsyn til skadar på skogbruk. Søknaden viser at prosjektet inngår i ein større samanheng i forhold til anna arbeid som er gjort. Prosjektet er omfattande, med mange samarbeidsaktørar og bidragsytarar, som koplkar kunnskapsmiljø, forvaltning og skogeigarsida.

Konklusjon: Det vert føreslått å støtte prosjektet som omsøkt med kr 50.000 i år.

6.6 Sotra og Øygarden JFF: Hjorteovervaking i Fjell kommune

I søknaden er prosjektet skildra på ca 2 linjer. Det er mistanke om at hjortebestanden er på veg ned, og ein vil registrere storleiken på lokal stamme/streifdyr, beiteområder, mattilgang, alder m.m., og ein overvakar med folk og viltkamera. I søknaden er det budsjettert med kr 100.000 i løn (eigen), kr 25.000 til transport (kjøring), kr 25.000 til viltkamera og kr 5.000 til diverse utgifter. Det er søkt om kr 50.000 i tilskot frå fylkeskommunen.

Vurdering: Tiltaket synest å vere ei form for overvaking som kjem i tillegg til vanleg overvaking av bestandsutviklinga gjennom sett hjort registreringar og vårteljingar, som skjer utan bruk av tilskotsmidlar. Tiltaket er lokalt, og det er ikkje opplyst om kvar laget i tilfelle er jaktrettshavar, kva som skal rapporterast frå prosjektet og om resultatane t.d. skal inngå som kunnskapsgrunnlag i ein bestandsplan. Konklusjon: Det vert føreslått å ikkje støtte tiltaket.

Lokale vilttiltak

6.7 Olav S. Haugse: Observasjonar og forvaltning av ein tiurleik

Målsetjinga med prosjektet er, i følgje søknaden, å dokumentere observasjonar og inngrep på og ved eit leikområde for tiur (Haugseåsen ved Øykjakroken) i Granvin kommune i ein periode på nær 100 år. Søkjar viser til eigne og ein onkel sine årlege observasjonar av tiurleiken. Observasjonar over så lang tid vert antatt å kunne gje forståing av kva fuglane aksepterer og ikkje aksepterer. Dokumentasjonen skal gjerast i form av produksjon av ein film, der ein vil vise saga om leiken med bilete og ord. Det er søkt om tilskot på kr 37.000.

Vurdering: Filmen som i følgje søknaden skal lagast er alt lagd, og var omtalt i avisa Hordaland 27.11.2015, der det òg er eit lite klipp frå filmen. Heile filmen skal vere på ca 30 minutt. I følgje oppslaget i avisa er det planen seinare å lage DVD-ar så fleire kan få del i filmen. Det stod også om tiurleiken i fagtidsskriftet Norsk Skogbruk i 2014. Den årvisse tiurleiken i området vart borte i 2013 og 2014, men var tilbake i 2015. Årsaka til den manglande tiurleiken er i følgje søkjar truleg helikoptertrafikk i området Haugseåsen i spelperioden i 2013, i samband med Statnett si utbygging av kraftledning i fjellet. Tiltaket/filmen viser interessante observasjonar i forhold til påverknad på biologisk mangfald ved utbyggingstiltak.

Konklusjon: Det vert føreslått å støtte tiltaket med kr 10.000.

6.8 Norsk Viltsykehus: Viltstasjon Hordaland

I søknaden er tiltaket skildra på ca ei linje, der det står: "Frivillig viltstasjon som tar seg av transport av syke eller skadete ville dyr til Norsk Viltsykehus i Hauge i Dalane." Det er søkt om tilskot på kr 1950,- samla frå Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune, derav kr 1700 i "diverse utgifter".

Vurdering: Tiltaket vert vurdert å liggje utanfor formål som kan støttast av tilskotsordninga, jf. opplistinga ovanfor av tiltakstypar som kan støttast. Etter dyrevelferdslova § 4 har «alle» som treff på eit sjukt, skada eller hjelpelaust dyr, ei hjelpeplikt. I forarbeida til dyrevelferdslova, Ot.prp.nr. 15 (2008-2009) går det fram at hjelpeplikta rettar seg mot den som treff på dyret, og at plikta til å hjelpe gjeld alle dyr som er omfatta av lova. Vidare framgår det at den enkelte si plikt strekkjer seg så langt som den enkelte har føresetnader og praktiske moglegheiter til. Plikta vil i mange tilfelle kunne oppfyllest ved å varsle eigaren, politiet eller kommunen. Hjelpa vil enten kunne vere behandling eller avlaving. For viltlevande dyr må det vere gode moglegheiter for tilbakeføring til naturen for at behandling skal veljast. I kommentarutgåva til dyrevelferdslova går det fram at behandling berre skal skje i samråd med veterinær og viltmyndigheita i kommunen, mens Mattilsynet skal varslast. Etter førespurnad har dyrehelsepersonell ei sjølvstendig plikt til å utføra umiddelbar hjelp der dette er påtrengjande nødvendig, jf. dyrehelsepersonellova § 14. Utgifter dyrehelsepersonell har hatt i samband med dette, kan vedkomande søkje om å få godtgjort av Mattilsynet etter forskrift om godtgjering for nødhjelp til dyr. Ei vurdering som Mattilsynet har gjort er at sidan kommunen har eit sjølvstendig ansvar for viltforvaltninga, har kommunen òg ansvar for å sørgje for behandling/avlaving av sjuke/skadde viltlevande dyr.

Konklusjon: Det vert føreslått å ikkje gje tilskot til tiltaket.

6.9 Bergen kommune: Minkprosjektet

Bergen kommune ønskjer å starte opp eit prosjekt for å auke den lokale kunnskapen og initiativ rundt jakt og fangst på mink. Til dette formålet ønskjer kommunen å kjøpe inn 40 minkfeller som skal forvaltast av jeger- og

fiskeforeiningar i Bergen og fungere på utlånsbasis, og kommunen vil arrangere eit gratis fangst- og fellekurs for alle interesserte jegerar i kommunen. Ambisjonen er å utvide prosjektet til eit regionalt prosjekt når det først er etablert i Bergen. Kommunen ønskjer å opne aktuelle, kommunale eigedommar for slik fangst. I søknaden er det ført opp at innkjøp av feller kjem på kr 20.000.

Vurdering: Mink (amerikansk mink) er ein framand, svartelista art, der bestanden i Hordaland i dag er vesentleg redusert. Nasjonal handlingsplan mot amerikansk mink (DN-rapport 5-2011) har mål, handlingsmåtar og prioriteringar for å minske dei negative effektane mink har på norsk natur. Dei fire måla i handlingsplanen er (1) å fjerne eller redusere bestanden av mink i prioriterte verneområde, (2) fjerne eller redusere bestanden av mink i prioriterte leveområde for raudlista artar utanfor verneområde, (3) leggje betre til rette for at lokale initiativ lukkast i å fjerne/ redusere minkbestanden i leveområde for viktige artar for hausting, anna næring og naturoppleving og 4) skape ein betre kunnskapsplattform for tiltak mot mink, og for arbeidet mot nye framande skadelege artar som etablerer seg. Ved å koordinere og følgje opp dei ulike tiltaka kan effekten av offentleg og frivillig innsats bli større.

Det omsøkte prosjektet er ikkje særleg målretta i forhold til måla over. For å setje ut minkfeller og drive jakt trengs det løyve frå grunneigar, og søknaden synest berre å omfatte kommunale eigedomar. I søknaden er det ført opp utgifter til eiga løn i kommunen og kurs i felle- og fangstteknikk. Tilskot kan ikkje gå til driftsoppgåve i kommunen om kommunen prioriterer slikt arbeid, og tiltak utanom drift kjem straks i konkurranse med tiltak i regi av t.d. jegerforeiningar og grunneigarlag. Sett i forhold til at kommunen er eit viltorgan, må det forventast god samordning om tiltak, og i første omgang er det meir aktuelt å søkje å skape ein betre kunnskapsplattform for tiltak mot mink, jf. mål nr 4 ovanfor. Fylkeskommunen bør heller prioritere å støtte det andre omsøkte minkprosjektet, som er tiltak nr 16 (Uttak av mink i fuglefredningsområder).

Konklusjon: Det vert føreslått å ikkje gje tilskot til prosjektet.

6.10 NJFF-Hordaland: Kvinneaktiviteter 2016

Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland (NJFF-Hordaland) har i fleire år drive aktivt for å få fleire kvinner interessert i jakt, fiske og friluftsliv i Hordaland. Sidan midten av 1990-åra har fylkeslaget hatt eigen kvinnekontakt i fylkestyret, og laget har òg eit eige kvinneutval, der kvinnekontakten er leiar. Arbeidet for å få opp kvinneaktivitetane har vore høgt prioritert frå styret i NJFF-Hordaland dei siste åra, og det har gitt resultat i form av fleire kvinnelege jegerar og fiskarar. I dag er rundt ein tredel av jegerprøvekandidatane i bynære strøk i Hordaland kvinner.

Kvinnekontakten i NJFF-Hordaland gjennomførte i 2015 fleire helgesamlingar for kvinnelege jegerar og fiskarar, og hadde helger med hjortejakt, småviltjakt, helg med kvinnekontaktsamling med pølsekurs, alle med overnatting, mat og instruksjon. Det er planlagt minst like mange samlingar i år. Arrangementa er opne for alle kvinner, også ikkje-medlemmer. Informasjon om arrangementa vert spreidd gjennom avisannonser, heimesider på internett, fylkesblad, via e-post m.m. Medlemsstatistikken i NJFF-Hordaland 1. desember 2015 viste 636 kvinnelege medlemmer. I kostnadsoverslaget er utgifter til jakt- og fiskekort, samt overnatting ført opp med kr 20.000. Av sum kostnader på kr 30.000 dekkjer NJFF-Hordaland sjølv kr 15.000.

Vurdering: Tiltaket er positivt ut frå jakt-, fiske-, friluftslivs- og folkehelseperspektiv. Fylkeskommunen sine viltfondsmidlar kan berre gå til viltformål. Det er også søkt om friluftsmidlar frå fylkeskommunen og gjort samordna søknadsvurdering. Fylkeskommunen har ikkje tilskotsmidlar til fiskeformål.

Konklusjon: Det vert føreslått å støtte tiltaket med kr 10.000 frå tilskotsposten til viltformål.

6.11 NJFF-Hordaland: Infoblod om jakt og fiske - infoside internett

NJFF-Hordaland har dei siste 17 åra gitt ut eit *informasjonsblad om jakt og fiske* to gonger årleg. Bladet har eit opplag på 6500 og vert sendt gratis pr. post til alle kommunar i fylket, til offentleg miljø- og landbruksforvaltning, alle aviser, lokalradio, media elles i fylket, til lokallag av NJFF, til andre jeger- og fiskarlag i fylket, til sportsbutikkar i fylket, til alle medlemmer av NJFF i fylket, samt til medlemmer i fiskeklubben for barn i fylket m.fl. I bladet når ein ut til dei fleste jakt- og fiskeinteresserte i Hordaland med viktig informasjon om f.eks. lover og forskrifter for jakt og fiske, om kurs, informasjon om aktuelle saker som vedkjem jakt- og fiskeinteresserte, informasjon om arrangement for barn og mykje meir. Det er gratis for offentleg forvaltning, kommunar osv. å bruke bladet til å spreie informasjon, og dette har skjedd jamleg. Bladet går i 2016 inn i sitt attande år. Då bladet vert sendt ut til så mange adressatar (ca 6000) to gonger årleg, og då bladet er på 16 sider, har NJFF-Hordaland store trykke- og portoutgifter knytt til utgjevingane. Det er ønskeleg å gje ut to nummer også i 2016, i juni og desember.

Sidan hausten 1998 har NJFF-Hordaland også drive ei *informasjonsside på internett* om jakt, fiske, friluftsliv, forvaltning, miljø etc. I desember 2014 fekk NJFF ny nettportal, som er meir oversiktleg og brukarvenleg. Sida vert oppdatert jamleg og inneheld mykje aktuell informasjon, blant anna frå offentleg forvaltning. Fylkessekretæren brukar ca 200 timar pr. år på oppdatering av sida. NJFF-Hordaland har i tillegg ei eiga Facebook side som vert brukt aktivt. I tillegg vert det brukt ca kr 5000,- pr år til kjøp av programvare og datautstyr.

Oppført totalkostnad er kr 105.000, der løn utgjer kr 60.000 og trykking av blad og porto kr 35.000.

Vurdering: Det har vore tilsvarande søknad sidan 2010. Tiltaka har vore støtta med vilttilskot frå fylkeskommunen og tilskot til fiskeformål frå fylkesmannen. Det har vore samordna søknadshandsaming i år (fiskemidlar frå fylkesmannen, og friluftsmidlar og viltmidlar frå fylkeskommunen).

Konklusjon: Det vert føreslått å gje tilskot på kr 35.000 frå tilskotsposten til viltformål.

6.12 CEES, Institutt for biovitenskap, Oslo: Urbane måker 2016

Prosjektet Urbane måker (URBPOP) har pågått i 5 år. Aktiviteten i prosjektet i Hordaland har vore stor sidan starten i 2011. Prosjektet i Hordaland er eit samarbeid mellom Ph.D. student Morten Helberg og Norsk Ornitologisk Forening (NOF) Hordaland. Det har òg vore stor aktivitet i dei delane av prosjektet som omfattar Rogaland, Vest-Agder og Oslo og Akershus.

Byar og tettstader vert i aukande grad brukt som hekke- og overvintringsområde for måkar, mens dei tradisjonelle hekkeplassane er stabile eller i nedgang. Kunnskap om desse populasjonane er avgjerande for å kunne drive meningsfull forvaltning. Spesielt gjeld dette for fiskemåken - som i 2010 vart oppført på den nasjonale raudlista i kategorien nær truga, og for hettemåken - der tilbakegangen for bestanden er stor.

Bruk av ringmerking og fargeringar skal gje meir kunnskap om områdebruk, trekkforhold og overleving. Dei mest aktuelle artane er fiskemåker, hettemåkar, gråmåkar og sildemåkar. Sildemåken er ein utprega trekkfugl. Dei andre artane er partielle trekkfuglar, der enkelte delar av bestanden trekkjer, mens andre overvintrar nær hekkeområda. Hettemåkane hekkar normalt nær eller i våtmarker. Dei andre artane er i varierende grad påvist hekkande t.d. på hustak i norske byar. Enkelte stader blir dette rekna som eit problem og reira blir fjerna. Det er til dels mange måkar å sjå i bybiletet i enkelte periodar, så det er svært truleg at også individ som hekkar nokre kilometer eller kanskje mil unna også brukar slike miljø til næringsøk. Det er også mange måkar i byane vinterstid, og ein del av desse stammar frå hekkebestandar blant anna frå nordlege og austlege delar av Skandinavia, og i mindre grad Russland.

I prosjektet tek ein sikte på å undersøkje kva individ som oppheld seg i urbane miljø, kjønnsfordeling, overvintringsområde, geografisk opphav og overleving over tid. Er det høgare dødelegheit for individ som oppheld seg i urbant miljø? Det vil ein truleg kunne seie noko om over tid.

Berre i Bergen kommune er det i perioden 2011-2014 merka 962 måkar i urbane område, og gjort heile 9540 avlesingar. Spesielt kan nemnast ein hettemåke som kvart år hekkar i Oslo og overvintrar i Bergen. Det ser ut til å berre vere hettemåkane som i særleg grad har slik utveksling mellom Aust- og Vestlandet. I 2015 vart det marka 511 nye måkar med fargeringar, og det vart gjort heile 5174 avlesingar. Det er med andre ord samla inn eit stort datasett. Det er først når ein får ein såpass lang tidsserie med data at dei viktige analysane vert mogelege, som t.d. endringar i overleving og trekkforhold.

Det er søkt om tilskot til prosjektet i Hordaland på til saman kr 50.000 i år, til innkjøp av fargeringar og diverse anna utstyr, samt DNA analysar og utvikling av nettside. Det er søkt Hordaland fylkeskommune om kr 25.000 (to jaktbare artar – gråmåke og svartbak), og det same frå Fylkesmannen i Hordaland (tre ikkje-jaktbare artar - hettemåke, fiskemåke, sildemåke).

Vurdering: Prosjektet bidreg til auka kunnskapsgrunnlag om haustbare og ikkje haustbare måkeartar. Det er gjort samordna søknadshandsaming med fylkesmannen. Prosjektet søkte om tilskot frå fylkeskommunen både i 2012 og 2013 utan å få tilskot, men fekk tilskot i 2014 og 2015. Fylkesmannen har støtta tiltaket også i år.

Medio april i år var det oppslag på Miljødirektoratet si heimeside om at nesten alle måkeartane våre er i tilbakegang, og at det ser ut til at måkane i større og større grad flyttar seg frå kysten og inn til byane. I

følgje oppslaget der treng vi meir kunnskap om denne utviklinga. Trass nedgangen vert det stadig rapportert om at måkane aukar i tal i bynære strøk. Frå overvåking langs kysten veit ein mykje om utviklinga i bestandane i naturen, men lite om omfanget i byar og tettstader. For å bøte på denne kunnskapsmangelen har Norsk institutt for naturforskning (NINA) sett i gong prosjektet Bymåker, kor dei inviterer publikum til å hjelpe til med kartlegginga. Prosjektet er landsomfattende og primært ønskjer ein seg data på fiskemåke, gråmåke, hettemåke og krykkje. Tilbakegangen for fleire måkeartar vert av Miljødirektoratet vurdert som dramatisk, og ein veit ikkje sikkert kva denne utviklinga skuldast. For å få betre forståing for kva som skjer med måkebestandane treng vi betre data på måker i bynære strøk, seier Ellen Hambro i nyhendeoppslaget til Miljødirektoratet. Bymåker-prosjektet er støtta av Miljødirektoratet, og er knytt opp mot NRK si storsatsing på sjøfugl denne våren og sommaren og skjer i samarbeid med blant andre Norsk Ornitologisk Foreining (NOF) og Artsdatabanken.

Konklusjon: Det vert føreslått at fylkeskommunen gir tilskot på kr 20.000 til prosjektet Urbane måker 2016.

6.13 Norsk Institutt for Naturforskning (NINA): Hønsefuglportalen 2016

Hønsefuglportalen er ein nasjonal portal for ryer og skogsfugl. Portalen vart oppretta i 2013, som ein database for å forvalte og kvalitetssikre data frå årlege takseringar av hønsefugl, etter ønskje frå rettshavarar. Målet er å sikre ei langsiktig ivaretaking av kvalitetssikra data frå hønsefugltaksering i Noreg. Ein føresetnad for å kunne gjennomføre ei moderne kunnskapsbasert småviltforvaltning er at bestandsstatus før jakt er kjent, slik at ein på grunnlag av dette kan gjere nødvendige forvaltningsgrep. Portalen er i dag eit samarbeid mellom Finnmarkseiendommen (FeFo), Statskog, Høgskulen i Hedmark (HiHm), Nord Universitet, Norsk institutt for naturforskning (NINA), Fjellstyrer og private grunneigarar. Det er nærare beskriving av portalen i NINA rapport 423 (2013). Portalen har auka raskt i omfang, og i 2015 vart det registrert 7136 km med taksering i portalen.

NINA har i år søkt om tilskot for å jobbe vidare med arbeidspakke 2 (WP 2): "Vidareutvikling og justering av portalen samt invitasjon til andre områder". I arbeidspakken der ligg det utvikling av rutinar for å sikre representative takseringslinjer i dei enkelte takseringsområda, utvikling av felles rutinar for analysar og rapportering, og utvikling av rutinar og funksjonalitet for auka kommunikasjon med brukarar og anna forvaltning. I 2016 vil ein også jobbe for å auke takseringsarbeidet i dei regionar og landsdelar som pr. i dag har lågast aktivitet. Dette arbeidet vil, som i 2014 og 2015, gjennomførast i samarbeid med Fjellstyresambandet (for aktuelle fjellstyrer) og Høgskulen i Hedmark (for aktuelle private rettshavarar).

Det er søkt 18 fylkeskommunar om vilttilskot til vidareutvikling av funksjonalitet og sikker drift av webportalen, og til strategisk utviding av omfanget av takseringane. Dette kjem i tillegg til evt utgifter og eigeninnsats med gjennomføring av takseringar i dei respektive områda. Det er også lagt opp til at utgifter knytt til analysar og rapportering av takseringsresultat i forkant av haustjakta vert dekkja av brukarane.

Vurdering: Hønsefuglportalen har blitt eit svært nyttig forvaltningsverktøy for bestandsovervåking for alle, ikkje minst for grunneigarane, tilsvarande som Hjorteviltregisteret er det for forvaltning av hjortevilt. Taksering før jakt, sikrar ei meir kunnskapsbasert og berekraftig forvaltning av jaktbare artar av skoghøns (fjellrype, lirype, storfugl, orrfugl), som er viktige jaktbare artar i Hordaland, men der bestandssituasjonen, særleg for rype er ottefull. Portalen bør innehalde takseringslinjer frå fleire større skog-fjellområde i Hordaland. Hordaland fylkeskommune støtta tiltaket med kr 50.000 i 2014 og kr 40.000 i 2015. Tilsegna i 2015 gjeld til 01.11.2016, og er ikkje søkt utbetalt enno. I følgje sluttrapporten for tilskotet i 2014 vart det då taksert i alt 6347 km i landet fordelt på 160 takseringsområder i 69 kommunar. I Hordaland vart det taksert i og rapport for eitt rapporteringsområde, nærare bestemt Eidfjord statsalmenning (Eidfjord Fjellstyre), og NINA vil i følgje sluttrapporten jobbe aktivt for å auke omfanget av takseringar i fylket. Ser ein på resultat frå søknadsbehandling i det elektroniske søknadssenteret ved Miljødirektoratet, ser ein at Hordaland fylkeskommune med tilskota i 2014 og 2015 alt har betalt inn langt meir enn dei fleste andre fylkeskommunar. Det må difor kunne forventast at prosjektet har fullt trykk i Hordaland også i 2016, sjølv om fylkeskommunen i år berre betalar ein mindre del.

Konklusjon: Det vert føreslått å støtte prosjektet i år med kr 10.000 i år, ut frå at fylkeskommunen alt har støtta prosjektet mykje i forhold til andre fylkeskommunar i 2014 og 2015.

6.14 Norsk Institutt for Naturforskning (NINA): Raudrev på Hardangervidda

Avlsprogrammet for fjellrev har på få år vist seg som det mest effektive tiltaket for å re-etablere utdøyde bestandar og å styrkje bestandar med få individ. Sidan 2007 er det så langt sett ut 300 fjellrevkvalpar fordelt på Dovrefjell, Finse, Junkern i Rana, Sylan og Hardangervidda. Det har på få år lukkast å re-etablere bestandar i Dovrefjell, Finse og Junkern noko som har resultert i meir enn 600 villfødde kvalpar. Utsetjingar på Hardangervidda starta i 2014 og det er til no sett ut 70 kvalpar der. I 2015 vart det minst éin yngling på Hardangervidda. I tillegg tyder observasjonar på utvandring til Setesdalsheiane der det óg truleg var éin yngling i 2015. På Hardangervidda er det registrert meir en 205 gamle fjellrevhi som vitnar om at området historisk truleg hadde ein av dei største fjellrevbestandane i Skandinavia. Ei av dei viktigaste utfordringane for å re-etablere fjellrev på Hardangervidda er utbreiinga til- og konkurranse med raudrev. NINA søkjer om midlar til å få eit mål på tal raudrevar i høve til fjellrev i området. Dette vil gje moglegheit til å kunna vurdere utsetjingsmetodikk og eventuelle tiltak. Innsamla data vil og nyttast i det NFR støtta prosjektet ECOFUNC der høgare skoggrense og raudreven sin ekspansjon opp i høgfjellet er sentrale tema. Ei viktig målsetjing er å utvikle verktøy som kan gi råd om framtidig forvaltning av høgfjellet. Slike verktøy kan bli viktige bidrag i planlegginga av gode bevaringsprogram og tiltak for restaurering av landskap og artssamansetjing.

Vurdering: Søknaden vert vurdert å primært vere eit fjellrevtiltak. Ein ønskjer primært å føre fjellreven frå åtestasjonar. Uheldigvis vil også ein del raudrev og anna småvilt oppsøkje åtestasjonane.

Konklusjon: Det vert føreslått å ikkje gje tilskot til tiltaket.

6.15 Norsk institutt for naturforskning: Oter tilbake til kysten – kunnskapsstatus bifangst

Prosjektet har som formål å finne eit mål på kor mange otrar som vert fanga i torskeruser og garn i delar av Sogn og Fjordane, Hordaland og nordlege delar av Rogaland. Bifangst i ruser representerer ein alvorleg tapsfaktor for oter langs norskekysten og spesielt i Hordaland. Stor tettleik av ruser og bifangst av oter har truleg vore, og er ein hovudfaktor til at oteren sin naturlege ekspansjonen nordfrå har stanga utan særleg framdrift på Bergenskanten. Dei siste par åra er det likevel mange nye rapportar samt registrerte bifangstar om oter i Bjørnafjorden (Os og Tysnes), Austevoll, Granvin, Ulvik og til og med i Sørfjorden i indre Hardanger, og dessutan også heilt sør i Bømlo, Kvinnherad og sør til Etne kommune. Dette har truleg samanheng med ein del endringar og innstramingar i regelverket for fiske med ruse som kom i 2010 og overgang frå ruser til teiner i delar av leppefiskeriet frå 2010, samt at fiske etter ål vart forbode. Det er likevel grunn til å tru at det er store mørketal med omsyn til innrapportering av otrar fanga i fiskereiskap.

Vedlagt søknaden er ei nærare prosjektbeskriving og kunnskapsoversikt. Metodar i prosjektet er å 1) Utvikle gode og beskrivande populærartiklar om temaet for publisering i lokalmedier, 2) Opplyse om innmeldingsportal, 3) Undersøke alle innmeldte tilfelle og samle best mogleg data på lokalitet, dato/tidspunkt, kjønn, vaksen, ungar, type fiskereiskap, ca. djupne, 4) Estimere ca. omfang (mørketal) og 5) Rapportering/Info med forslag til avbøtande tiltak.

Med atterhald om finansiering er det sett opp følgjande framdriftsplan: 1) Informasjonsperiode - vår 2016, 2) Innhenting og kvalitetssikring av innmeldte observasjonar - oktober/november 2016 og 3) Analysar og rapportering, med publikasjon i februar 2017.

Totalbudsjettet for prosjektet er på kr 190.000, derav kr 155.000 i løn. I alt er kr 105.000 søkt dekkja av tilskotsmidlar frå fylkesmenn og fylkeskommunar og kr 85.000 i eigenfinansiering NINA. Det er søkt om tilskot frå fylkesmennene og fylkeskommunane i fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Vurdering: Oter er ikkje ein haustbar art, jf. forskrift om jakt- og fangsttider 2012-2017. Fylkeskommunen sitt forvaltingsansvar er avgrensa til haustbare, ikkje truga viltartar, med ein del innskrenkingar. Tiltaket kan difor ikkje støttast av viltilskot frå fylkeskommunen.

Konklusjon: Det vert føreslått å ikkje gje tilskot til prosjektet.

6.16 Raymond Skaar: Uttak av mink i fuglefredningsområder

Det er søkt om tilskot for å ta ut territoriell mink i fuglefredningsområder og områda nærast desse i Sund og Austevoll kommunar våren 2016. Tiltaket er i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland som har søkt om løyve til uttak av mink i områda. I Austevoll er det sjøfuglreservata i områda rundt Møgster og Horgo som er planlagt besøkt. Der er det alt teke ut 22 mink etter at løyve til uttak vart innhenta i 2015. I Sund kommune

skal det takast ut mink i sjøfuglreservata og områda frå Glesvær og sørover. Førebels er det teke ut 13 mink i områda der. Tiltaket er ifølgje søknaden i samsvar med forvaltningsplan for sjøfuglreservat i Hordaland. Søknaden er avgrensa til å dekke forventa reiseutgifter i samband med prosjektet og kostnader til innkjøp av minkfeller og kassar til å byggje desse inn i, mens arbeidsinnsatsen vert utført som dugnad. Fylkesmannen vert haldt orientert om framdrifta i prosjektet, og kan gje nærare instruks for arbeidet. Det er søkt om tilskot til prosjektet både frå fylkesmannen og fylkeskommunen på til saman kr 40.000.

Vurdering: Mink er ein framand og svartelista art. Tiltaket er strategisk og målretta, og eit tiltak i forvaltningsplan for sjøfuglreservat i Hordaland (2014). Det er gjort samordna søknadsbehandling med fylkesmannen. Same person fekk tilskot frå fylkesmannen og fylkeskommunen til eit liknande tiltak i 2014. Konklusjon: Det vert føreslått å støtta tiltaket som omsøkt med kr 20.000.

6.17 Norsk naturinformasjon (NNI): Hønsefugler i viktige rekreasjonsområder

I følgje søknaden er målet med prosjektet å få fram gode bestandstal for ryer (lirype og fjellrype) og orrfugl i det regionalt viktige friluftsliv- og hytteområdet på Kvamskogen. Hønsefuglane der har to funksjonar sett i eit perspektiv av økosystemtenester, som småvilt (småviltjakt), og som opplevingsobjekt i ålment friluftsliv. Godkjent kommuneplan for Kvamskogen tilseier ei ikkje uvesentleg auka hytteutbygging og auka bruk av naturlandskapet. Kunnskap om viktige viltartar vil difor ha nytte for lokal/regional planlegging samt som grunnlag for å kunne studere verknader av storskala hyttebygging. NNI har gjennomført noko viltkartlegging i delområder dei siste åra, og det er kontakt med grunneigarar for samarbeid om oppgåvene. Feltarbeid vil bli gjennomført i ulike delområde og i ulike høgdelag på Kvamskogen, slik at det vert oppnådd dekning av dei ulike artar sine prefererte leveområder.

Vurdering: Prosjektet er i regi av eit profesjonelt konsultentselskap. Prosjektet er relativt lokalt. Det er uklart kva som konkret er tenkt gjennomført og rapportert i prosjektet i forhold til metodikk og arbeid som alt er gjort, eller vert gjort ut frå krav til konsekvensutgreiing (som omfattar biologisk mangfald) i reguleringsplanar knytt til utbyggingsplanane i området. Sistnemnde bør inntil vidare vere tilstrekkeleg. Generelt er det alt gjort viltkartlegging i området i regi av kommunane (Kvam og Samnanger) og fylkesmannen, jf. MVA-rapportane 5/2002 og 16/2003. Konklusjon: Det vert rådd til å ikkje gje tilskot til prosjektet.

8. Oppsummering

Den enkelte søknad om tilskot til viltformål er omtalt og vurdert i saka, og den føreslåtte fordelinga av tilskot er vist i forslaget til vedtak i saka. Det er føreslått å gje tilskot på til saman kr 500.000, som vil vere tilsvarende det som fylkeskommunen får til fordeling i år, føresett ei ekstraløyving på kr 100.000 i tillegg til kr 400.000 som alt er overført frå Miljødirektoratet. Skulle ekstraløyvinga bli mindre er det føreslått i vedtaket at det vert tilsvarende mindre tilskot til prosjektet forvaltning av hjortebestand.

Vurderinga ut frå prinsippa for offentleg beslutningstaking i naturmangfaldlova, er at ingen av søknadene inneber tiltak som kan tenkjast å vere negativt for miljøet.